

Mannen med allheims vit aa *haatt*
Med tankar klaare aa reine
Han hev sagt det er ikkje godt
at mannen han er åleine
Han eit sid-bein av mannen tok
laga ei kvinna med tra a hug
Ho vilde hjaa mannen væra.

Sidan det heve halde paa
Ein for der røyna aa læra
Man aa kvinna hev same tra
Dei huga saman aa væra
Soga syner oss paa kvart bla
Skaparen vilde det soleis ha
Anleis det kunde kje væra.

Soleis rundt kring den heila verd
Sjaa kor dei grev seg i saman
Utan forskjel baa læk aa lærd
Ja baate i aalvor aa gaman
Byggjer heimar aa faa det gildt
Um ein stundom lyt *bala ilt*
Saman um alt vil ein væra

Gode hugmaal i tusundtal
Skaparen han vil oss gjeva
Mann aa kvinna det ene val
I freden alltid aa leva
Byggja seg heimar ha det gildt
Aldri paa viddi fara vilt
Heimen den eine kjære

Unge aa gamle samlar seg
I fred um gaman aa gleda
Vake samvit det vise veg
burt ifraa spottord aa *hæda*
Saman um det som hyggja kann
Mat aa drykk aa kvart eit grann
So sjæl aa lekamkan styrkja.

Skiljast aa møtast alltid glad
Baate i ungdom aa alder
Trugne i striden alltid sta
Trøysta naa tungt det falder.
All som ein, ein syskjenlyd
Syna *kvarare* elsk aa *dygd*
Truska i alle høve.

Lev so saman so bra so raa
Aa alltid vakta aa vara
I alle høve so maa ein sjaa
Den heilage fred bevara
Njota i takk i bøn aa tru
under Guds signing alltid bu
Daa fyrst kan sjæli seg gleda

Kom so saman til frygd aa fest
Med korg med *ambar* aa kaka
Daa eg so gjerna vil væra gjest
Paa *korgematen* dykk smaka
Altformykje det kostar peng
men mat aa drykk me alle treng
me for kvarandre aarssaka.

Ver so velkomen dag aa kveld
Med *hugmaal* frie aa rare
Hugmaal so lyfter kropp aa sjæl
Ljoser bjarte aa klaare
Rettferd og sanning ideal
For ung aa gamall høgste val
Som skapa kan fred aa lukka.